

**Fra:** oddbjørn angelskår <oddbjorna@yahoo.no>  
**Sendt:** 28. august 2014 04:58  
**Til:** Tor Hegle  
**Kopi:** Julie Daling; Arnold Matre  
**Emne:** Vedr: Stadfesting av samtale 8.august 2014. sak 14/6001 + 14/17897

Hei

Takk for sist, no er vi vel tilbake i Houston.  
Takk for at du tok deg tid til å møte oss, det satte vi stor pris på.

Orsak at dette har tatt litt tid, men i samband med "referatet" fra samtalen vi hadde på rådhuset 8.aug 2014 har vi nokre punkt vi ynskjer å leggje til under punktet "Byggesak. Avløpsanlegg".

1. Bakgrunnen for at vi vart invitert til samtale på rådhuset er at vi gjentatte gonger sidan 28.10.10 og seinast via vår advokat Robert Neverdal 01.06.14, har bedt kommunen svare oss på fleire spørsmål om godkjenning og byggjing av vann og avløps ledning (VA)/ framtidig vegtrase på nedsida av fylkesvegen ved Midtgård/Leknes byggefelt.

Under møtet fekk vi opplyst at kommunen har valgt eit "nivå" å svare oss på. Dette "nivået" gir oss berre delvis svar på det vi har spurt om.

Dersom vi ynskjer eit meir konkret svar på kvifor kommunen har gått mot sine eigne retningslinjer i arealplanen når dei godkjende VA- anlegget/ framtidig vegtrase, og kvifor kommunen har unnlatt å følgje opp tilsyn datert 03.02.2011, fekk vi beskjed om at vi må gå til søksmål mot Lindås Kommune.

Då blir det opp til oss å vurderer om det er verd belastninga og om ein oppnår noko ved ei eventuell rettsak.

Med venleg helsing

Oddbjørn og Karianne Toppe Angelskår

Den Torsdag, 14. august 2014 16.30 skrev Tor Hegle <[Tor.Hegle@lindas.kommune.no](mailto:Tor.Hegle@lindas.kommune.no)>:

Hei.  
Eg takkar for møtet 8.august 2014, der vi samtalte om forholda på Gbnr 196/4.

## Bygesak Avløpsanlegg.

Vi var innom ulike sider med bygesaken knytt til avløpstraseen som vart bygd i 2010.

### Tomtedeling.

Vidare såg vi på ulike sider knytt til ei delingssak som var avslått.

Eg opplyste om at eg gikk ut frå at årsaka til avslaget mellom anna gikk på at arealet var søkt delt frå som ein eigen bustadtomt og soleis kunne byggast ny eining på.

Delingssaka var knytt til deling av tomt frå Gbnr 194/6, **eit areal på ca 2 dA**, og som Dykk hadde ein opsjon på.

Eg forsto Dykk slik at Dykkar ynskje ikkje nødvendigvis var å bygge, men å sikre arealet til Dykkar eigedom, samt **sikre tilkomst til privat naust**. Eg oppfatta at Dykk hadde kjøpt naustet.

Eg opplyste at eg antok at saka hadde blitt vurdert på ein annan måte om det hadde blitt søkt om at arealet hadde blitt slått saman med bustadeigedomen Dykkar.

Dette som følgje av at det ikkje skulle byggast noko nytt på arealet, berre at grensa skulle flyttast. Eg sa vidare at eg ikkje såg noko hinder for å sende inn ein slik søknad. Det er grunneigar som må signere ein slik søknad.

### Reguleringsplan.

Vi samtalte litt om den nye planen frå OPUS som er gitt namnet «Fløsvika» (Midtgård/Leknes).

I planen er det aktuelle arealet (**det arealet som var i delingssaka**) merka med grønt og med teksta «o\_FR1» (offentleg friområde).

Planen er sendt inn til kommunen til behandling. Planbehandlinga har tatt tid på grunn av venting på retting av manglar.

Planen er førebels ikkje lagt fram for PMU til politisk behandling. I den politiske behandlinga må PMU mellom anna ta stilling til om planen skal leggast ut på høyring. Saksbehandlar for planen vil bli Julie Daling.

(Kopi av denne eposten vil bli sendt henne til orientering.)



Med helsing  
Tor Hegle, Einingsleiar  
Areal- og miljøeininger, Lindås kommune.

---

Vurder verknaden for miljøet før utskrift. Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet. E-post jobb: [postmottak@Lindas.kommune.no](mailto:postmottak@Lindas.kommune.no). Postadresse: Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø. Møteadresse: Lindås Rådhus, Kvernhusmyrane 41. Tel. + 47 56375642. Mob.: + 47 95968182.

---